



Arkivnr: 2015/8173-103

Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		03.12.2015
Fylkestinget		08.12.2015

### Nytt val til kontrollutvalet 2015-2019

#### Samandrag

Fylkestinget valde medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet for valperioden 2015-2019 i møtet 14. oktober 2015. Det viser seg i ettertid at ein av dei valde ikkje er valbar til kontrollutvalet. Det vert difor lagt fram sak om nytt val til dette vervet. Dersom nytt val har innverknad på varamedlemene til gruppa må det gjerast nytt val for dette.

#### Forslag til innstilling

Som medlem i kontrollutvalet vert vald for valperioden 2015-2019:

Varamedlemmer

- 1.
- 2.
- 3.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 23.11.2015**

Fylkestinget valde medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet for valperioden 2015-2019 i møtet 14. oktober 2015, PS 78/2015. Det viser seg i ettertid at ein av dei valde, Anita Garlid Johannessen ikkje er valbar som medlem i kontrollutvalet, då ho er tilsett i fylkeskommunen. Det må difor veljast nytt medlem i staden for den som ikkje er valbar.

Dersom nytt val har innverknad på varamedlemene til gruppa må det gjerast nytt val for dette.

Etter kommuneloven § 77. *Kontrollutvalget, punkt 2*, er ikkje tilsette i fylkeskommunen valbar til kontrollutvalet:

*«Utelukket fra valg er ordfører, fylkesordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap og fylkesutvalg, medlem og varamedlem av kommunal eller fylkeskommunal nemnd med beslutningsmyndighet, medlem av kommuneråd eller fylkesråd og ansatte i kommunen eller fylkeskommunen.»*